Studieplan 2012/2013

Norsk med vekt på lese- og skriveopplæring

Studiepoeng: Arbeidsmengde i studiepoeng er: 30.

Studiets varighet, omfang og nivå

Studiet går over ett semester og gir 30 studiepoeng

Innledning

Studiet bygger på rammeplanen for allmennlærerutdannningen.

Læringsutbytte

Ved avslutta studium skal studentane

- ha kunnskap om ulike teoriar og ulik praksis knytt til grunnleggjande lese- og skriveopplæring
- kunne planleggje gode undervisningsforløp i lese- og skriveopplæring og grunngi dei

- ha kunnskap om stimulering og vidareutvikling av lese- og skriveferdigheiter og vite korleis ein kan stimulere leselyst og leseglede, skrivelyst og skriveglede
- ha kunnskap om korleis ein førebygger og avhjelper lese- og skrivevanskar

- ha kunnskap om lese- og skriveopplæring for elevar med norsk som andrespråk
- ha kunnskap om elevtekstar
- ha utvikla sin eigen tekstkompetanse
- kjenne til lesing og skriving på tvers av fag
- ha erfaring med bruk av IKT som ein pedagogisk reidskap
- kjenne til bruk av skolebibliotek som ei støtte i lese- og skriveopplæringa

Målgruppe

Studiet retter seg mot alle som ønsker å utvikle kunnskaper og ferdigheter innen norsk for å undervise i grunnskolen.

Kompetanse

Studiet kan brukes som et valgfag i en allmennlærerutdanning eller som videreutdanning for lærere.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse på tilsvarende nivå.

Undervisnings- og læringsformer

Studiet er nettbasert med samlingar på ein – to dagar i løpet av semesteret.

Det er obligatorisk frammøte til samlingane.

Bruk av Fronter er eit viktig element i studiet, og deltakarane må disponere datamaskin med nett-tilkopling, e-postadresse og programvare for tekstbehandling og publisering på Internett.

Ein relativt stor del av undervisningsressursen vil bli brukt til rettleiing på nett, individuelt og i grupper. I tillegg gir studentane kvarandre respons og kan slik utvikle eigen rettleiingskompetanse. Studentane blir organiserte i faste grupper.

På samlingane vil arbeidsformene kunne variere mellom forelesingar, seminar og gruppearbeid. Mellom samlingane arbeider studentane individuelt og i grupper.

Vurderingsformer

Obligatoriske arbeidskrav

Individuelt arbeid

· Nokre korte refleksjonsloggar

· Fagtekst med analyse og vurdering av ein elevtekst

· Fagtekst om grunnleggjande eller fortsetjande lese- og skriveopplæring

· Fagtekst om bruk av tekst (digital eller trykt) i lese- og skriveopplæringa

· Fagtekst om lese- og skrivevanskar hos elevar med norsk som førstespråk eller norsk som andrespråk

· Skriftleg respons til fagtekstar etter nærare avtale med faglærar

· Eit kort refleksjonsskriv med vurdering av eigen tekst skal vedleggjast alle fagtekstane

· Eit antal korte faglege innspel knytt til emne i pensum, etter avtale med faglærar

Gruppearbeid

· Eit empirisk arbeid bygd på intervju med elevar i første skoleår

· Publisering av tekstar på nett, til dømes bokprosjekt

Vurdering

Det er to element i den avsluttande vurderinga: ei eksamensmappe og ein munnleg eksamen. Det blir sett ein førebels karakter på eksamensmappa. Den endelege karakteren blir sett etter munnleg eksamen.

Eksamensmappe

I løpet av studieperioden skal alle arbeid utførte i samband med dei obligatoriske arbeidskrava leggjast i ei arbeidsmappe. Innan ein fastsett frist skal studenten velje ut tre av arbeida for avsluttande vurdering. Mappa skal innehalde eit innleiingsskriv, og til kvart av arbeida skal det leggast ved eit refleksjonsskriv der studenten grunngir valet av tekst, vurderer arbeidet med teksten, si eiga utvikling og andre relevante forhold. Begge målformer skal vere representerte i eksamensmappa med minst ein individuell fagtekst.

Eksamensmappa skal innehalde følgjande arbeid:

· Innleiingsskriv som presenterer eksamenssmappa

· To større fagtekstar med refleksjonsskriv

· Eit gruppearbeid med refleksjonsskriv

Munnleg eksamen

Etter at eksamensmappa er vurdert og har fått ein gradert karakter som er til bestått, blir det gjennomført ein individuell munnleg eksamen der studenten kan få spørsmål i alle delar av pensum.

Den munnlege eksamen kan til vanleg justere den gitte karakteren på eksamensmappa eitt trinn opp eller ned. Det vil også vere mogleg å få ikkje godkjend (karakteren F) etter munnleg eksamen, uavhengig av karakteren på eksamensmappa, om munnleg eksamen viser store manglar i studentens kunnskapar.

Studiets innhold, oppbygging og organisering

Studiet er organisert i tre hovudområde: *IKT og språkleg samhandling, Lese- og skriveopplæring – grunnleggjande og fortsetjande* og *Lesing og skriving i ulike sjangrar* , Områda vil gripe inn i og delvis overlappe kvarandre. Hovudvekta vil liggje på området *Lese- og skriveopplæring – grunnleggjande og fortsetjande.*

IKT og språkleg samhandling

o Rettleiing på nett

o Presentasjon og publisering av skjermtekstar

o IKT i den første lese- og skriveopplæringa og i arbeid med fortsetjande lese- og skriveopplæring

o Pedagogisk programvare for barn og unge

o Ungdoms bruk av IKT i form av mellom anna tekstmeldingar, nettprat, skjermtekstar

Lese- og skriveopplæring, grunnleggjande og fortsetjande

Den første lese- og skriveopplæringa

o Teoriar om lese- og skriveprosessar og tidleg språkstimulering

o Fasar i lese- og skriveutviklinga

o Metodar, prinsipp og tilnærmingsmåtar i opplæringa

o Vurdering av læremiddel

Vidareutvikling av lese- og skriveferdigheiter

o Motivering for lesing og skriving, tilrettelegging av lese- og skrivesituasjonar

o Skriveprosess og leseprosess, støtte undervegs og etterarbeid

o Analyse av elevtekstar. Utvikling av lærar- og elevrespons

o Arbeid særleg retta inn mot lese- og skriveopplæring for elevar med norsk som andrespråk

o Vurdering av lese- og skriveferdigheiter

o Lesing og skriving i ulike fag

Lese- og skrivevanskar

o Ulike lese- og skrivevanskar, kartlegging

o Årsaker og førebygging

o Avhjelping av vanskar

Lesing og skriving i ulike sjangrar og på tvers av fag

o Tekstar i ulike sjangrar

o Samansette tekstar

o Barn og unges lesevanar, lesestimulering

o Biblioteket si rolle i innføringa i skriftkultur

o Språkkunnskap og grammatikk i ein funksjonell samanheng